



VEDTEKTER FOR "FJELLHUGFONDET" TIL FJELLHUG NATUR OG FRILUFTSLIVSLIVSLAG

§ 1.

Grunnkapitalen i fondet utgjer kr. 400.000 pr. 1.1.2013.

Fondsmidlane, som skal stå på eigen konto, skal plasserast i finansinstitusjon med god sikkerheit og avkastning. Den årlege kapitalavkastinga kan nyttast til tilskot. Dersom fondstyret ikkje finn eigna kandidatar eit år blir heile avkastinga tilført grunnkapitalen.

Dersom laget har eigne prosjekt som ikkje kan finansierast utanom fondet, kan styret bruke inntil kr.200.000 av fondets grunnkapital. Slike prosjekt må på førehand godkjennast av årsmøtet.

Årsmøtet avgjer også eventuell auke i fondskapitalen ved disponering av laget sitt årsresultat.

§ 2.

Fondet kan yte tilskot til føretak, lag og organisasjoner som stimulerer til natur- og friluftslivopplevingar for allmenn formål i Sykkylven. Tiltak som giast tilskot skal vere natur- og miljøtilpassa og ikkje redusere miljøkvalitetane i området. Tiltak som giast tilskot skal vere tilgjengelege for ålmenta.

§ 3.

Midlane må kome som eit supplement til dei tiltak som offentlege myndigheter etter lov eller sedvane er forplikta til å yte, og ikkje inngå som ein hovuddel av finansieringsgrunnlaget for tiltaka. Fondet yter ikkje tilskot til generell drift eller til heidersprisar.

§ 4

Styret i Fjellhug er fondsstyret og ansvarleg for forvaltninga av fondet. Leiar i Fjellhug er leiar for fondsstyret.

§ 5.

Stønadsmidlar kan berre fordelast etter skriftleg søknad og det er ikkje klagerett på vedtak om tilskot frå fondet. Søknadsfrist vert sett til 20.desember og fondsstyret handsamar søknadane innan utgangen av januar påfølgjande år. Tilskotet skal normalt brukast i løpet av det kalenderåret det blir tildelt.

Tiltak som får tilsegn om tilskot må dokumentere tiltaket i gangsett før utbetaling av midlar. Dersom tiltak krev tillating frå private eller frå offentlege myndigheter, bør slik tillating følgje søknaden om tilskot. For tiltak på privat grunn stillast det same krav til bruksavtaler som dei krav som til ei kvar tid fram går av Kulturdepartementets regelverk for fordeling av tippemidlar.

§ 6.

Endringar av desse vedtektena kan berre gjerast av Årsmøte i Fjellhug natur og friluftslivslivslag med 2/3 fleirtal.

Medlemane kan fremje endringsforslag til vedtektena.

Vedtekne på årsmøte i Fjellhug natur og friluftslivslivslag den. 9.2.2013 med vedtektsendring i §1 vedteke på årsmøtet 1.februar 2014